



Statens vegvesen Region vest

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/695 - 16/5010

Saksbehandlar:

Øyvind Oddekalv

oyvind.oddekalv@meland.kommune.no

08.03.2016

Gjeld trafikksikringstiltak på Fossesjøen i Meland kommune

Krysset på Fossesjøen på fylkesveg 564 i Meland kommune er svært trafikkfarkeg for mjuke trafikantar og det har vore ulukker med personskade tidlegare. Meland kommune var difor nøgde med at Statens vegvesen ville etablere gang- og sykkelveg i krysset i fjor vår. Formannskapet nytta hasteparagrafen i kommuelova §14, 24. juni 2015, der Statens vegvesen fekk dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel for trafikksikringstiltak i Fossekrysset. Bakgrunnen var at Statens vegvesen hadde steinmassar og trafikksikringsmidlar som var tenkt nytta til dette prosjektet.

Meland formannskap diskuterte framdrifta i etableringa av gang- og sykkelveg i Fossekrysset i møte 2. mars 2016. Vi ser dette som eit svært viktig tiltak som er høgt prioritert i gjeldande trafikksikringsplan (prioritert som nr. 2 under strakstiltak). Derfor er vi uroa når vi ser at det tar svært lang tid å få realisert dette tiltaket. Vi er spørjande til framdrifta når det gjeld prosjektet, vi ser det som svært viktig at det blir realisert raskt.

Vi ber om at Statens vegvesen ser til at det er framdrift i prosjektet i tråd med det som er planlagt, og kommunen ber om å bli oppdatert på dette.

Med helsing

Øyvind Oddekalv
Ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anny Bastesen

Mottakere:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Statens vegvesen Region vest